

Skulereglar for Førde barneskule

Versjon våren 2026

ein god skule for alle



FØRDE
barneskule



Reglement for Førde barneskule

Vedteke i Samarbeidsutvalet våren 2026

Føremålet med skulereglane er å bidra til godt samarbeid, god trivsel, respekt, medansvar og elevmedverknad. Skulereglane skal fremje gode arbeidsvanar, og bidra til eit godt læringsfremjande og inkluderande skulemiljø som motverkar utanforskap. Skulereglane gjeld i skuletida, på skulevegen og på turar i regi av skulen.

Reglementet er bygd på visjonen:

Elevane våre skal erfare at dei kvar dag blir;

- sett og møtt med omtanke**
- lytta til og respektert**

Innhold:

• Hovudreglar for orden og åtferd	s. 3
• Reglar ute	s. 4
• Reglar inne	s. 5
• Skulevegen	s. 5
• Om du bryt reglane	s. 6
• Rutine for bruk av merknader	s. 7
• Føresette sine forventningar	s. 8
• Skulen sine forventningar	s. 9
• Rutine for melding av fråvær	s. 10
• Elevane sitt arbeidsmiljø	s. 11
• Fau sine tilrådde retningslinjer	s. 12
• Telefonliste	s. 13

Hovudreglar for orden og åtferd



Du skal:

- Svare høfleg og vere hyggeleg med andre, både barn og vaksne.
- Rette deg etter beskjedar frå skulen sine tilsette.
- Ikkje kalle eller banne.
- Opphalde deg på skulen sitt område i skule/SFO tida.
- Møte i rett tid til alle timane.
- Gå heim etter at skule/SFO er ferdig for dagen.
- Medverke til arbeidsro i klassen.
- Stelle fint med skulen og ta godt vare på bøker, utstyr og inventar.
- Leike saman med andre slik at ingen blir skada eller skremd. Ikkje ha med eller bruke gjenstandar som har som føremål å skade.
- Ikkje ete godteri og tyggegummi i skuletida. Læraren kan gje løyve til å nytte dette i spesielle høve.
- Vise godt nettvett, og bruke elektronisk utstyr kun etter avtale med den vaksne.
- Ha mobiltelefon, smartklokke og anna elektronisk kommunikasjonsutstyr avslått på skulen sitt område.
1.-4. klasse: Utstyret skal ligge i sekken.
5.-7. klasse: Utstyret skal samlast inn av lærar.
Dette gjeld og ved andre tilstellingar i skulen sin regi.
(Def. smartklokke: Ei klokke som har funksjonane "kommunisere" og/eller "ta bilde med.")
- Følgje stoppregelen.
- Det er nulltoleranse for slag og spark.
- Det er nulltoleranse mot rasistisk, hatefull og diskriminerande språkbruk og handlingar.
- Det er forbode å bruke røyk, snus og rusmiddel på skuleområdet.

Reglar ute

- Du skal vere ute i friminutta.
- Varmegangen kan brukast i korte økter før kl. 08.45 eller etter avtale med skulen.
- Alle har ansvar for at skubbing og slåsting ikkje skjer.
- Graving av sand skjer i sandkassa.
Fallgrusen skal ikkje flyttast.
Sandkasseleikar skal vere på B-området.
- Du kan kaste ball på C-området.
På C2 kan du sentre med ball, men unngå å sparke ball mot personar, veggjar, vindauge eller Månehaugen.
- På grusbana og i ballbingen kan du sparke fotball.
- Det er berre dei elevane som har ballbingen, som skal vere her, og i området rundt.
- Det er berre lov å klatre i trea på B-området.
Klatring i basketstativa, fotballmåla og i kyrkjemuren er ikkje lov.
- I eggedissa kan maks 3 elevar disse samstundes.
- 1 elev kan balansere på balanselina på C1-området.
- Syklar/sparkesyklar kan berre brukast på skuleområdet etter avtale med personalet.
- Snøball kan du berre kaste mot oppsette blinkar.

Område A: Ballbingen, akebakken og paviljongen.

Område B: Leikeplass på baksida v/sandkasse og disser, og hinderløypa.

Område C1: Plassen v/1-4 og månehaugen tom. Snakkerøyr.

Område C2: Plass v/5-7 og grusbana utanfor skulekjøkenet.

Område D: Bak skulen, sandvolleyballbana og den lille trappa.

Elevane skal ikkje opphalde seg på framsida av skulen, ut mot Elstervegen

Reglar inne

- Alle har ansvar for at undervisningsromma og garderobane er ryddige. Vi ryddar på plass og kostar etter arbeidsøkt og skuledag.
- Verdisaker du tek med til skulen må du sjølv ta ansvar for. Dei vil ikkje bli erstatta av skulen dersom dei kjem vekk eller blir skada.
- Elevane må bruke innesko, og sko som er eigna til fysisk aktivitet i gymsal.
- Berre religiøse hovudplagg er tillatt i klasserommet.
- Datautstyr skal brukast i tråd med gjeldande reglar for Sunnfjord kommune. Vi skal ikkje ete eller drikke når vi brukar maskinene.

Skulevegen

- Alle har rett til å gå trygt til og frå skulen. Ingen må true eller plage andre. Du skal seie frå dersom du ser at nokon ikkje har det bra på skulevegen.
- Skulen anbefaler at du kan sykle til og frå skulen frå 5. klasse. Du må bruke sykkelhjelm og sette sykkelen på tilvist plass. Foreldra dine får beskjed om du ikkje brukar sykkelhjelm.
- Dersom du tek bussen, må du bruke setebelte og ikkje uroe sjåføren og andre på bussen.

OM DU BRYT REGLANE skal du bli forklart kva reglar som er brotne og kvifor skulen reagerer.



Tilsette handlar slik:

- Vaksne som ser konflikhtar, skal straks ordne opp. Viser også til rutine om merknader.
- Vert ikkje konflikten eller hendinga avslutta, skal kontaktlæraren ha beskjed og ordne opp mellom partane. Kontaktlæraren vurderer om heimen skal informerast.
- Dersom problemet ikkje vert løyst, skal rektor informerast og vurdere vidare handsaming. Alvoret i saka avgjer om heimen skal kontaktast.
- Ved brot på reglar ved bruk av mobil eller smartklokke, skal utstyret takast inn for resten av dagen. Føresette må hente utstyret i administrasjonen.

Rektor nyttar desse sanksjonane ved alvorlege brot på reglar:

- Samtale med eleven og munnleg rettleiing.
- Kontakte føresette.
- Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skader eller tilhøve eleven har ansvar for.
jf. Skadeerstatningslova § 1-1 og § 1-2 og §16 Erstatningsansvar Skulereglar i Sunnfjord kommune.
- Mindre inngripande tiltak blir vurdert før eleven evt. blir vist bort. T.d. bortvising frå undervisning til anna rom med tilsyn.
- Elevar i grunnskulen kan visast bort frå skulen i enkelttimar eller resten av dagen. jf. opplæringslova § 13-1. Føresette skal ha
- Mellombels eller permanent bytte av klasse eller skule. Viser til §12 og § 17 i skulereglar Sunnfjord kommune.

Rutine for bruk av merknader

Skulen har utarbeidd rutine for bruk av merknader i 1.-7. Klasse. Målet er å ha god informasjonsflyt mellom heim og skule, og at bruk av merknader blir redusert.

Merknader skal brukast på ein hensiktsmessig måte knytt til fagleg og sosial utvikling hos den einskilde eleven. Det er viktig å ha tydelege og klare retningslinjer for bruk av merknader, slik at elevane opplever mest mogleg rettferd ved brot av reglane.

Skulen informerer om bruk av merknader til foreldra i starten av skuleåret, og elevane får tilpassa informasjon ved skulestart. Dei blir orienterte om prosessen og at gjentatte merknader utløyser konsekvensar, at lærar tar kontakt med foreldra når eleven har 3 like merknader på rad. Eleven blir på førehand informert om at merknad blir sendt, slik at hen kan ta til seg beskjeden og skape åtferdsending.

Eksempel på merknader på mindre brot:

- Har gløymt gym-/symjেকে
- Har ikkje eigna ytterळे
- Kjem for seint til skulen
- Gløymmer matematikkboka eller nista heime
- Har ikkje gjort lekسا

Ved gjentatte merknader blir heim og skule enige om mål.

Ved alvorlege brot på skulereglane, med til dømes spark, slag, kalling eller krenkande åtferd, blir rektor informert og foreldra blir kontakta på telefon. Skulen avtalar møte om vidare oppfølging saman med foreldra og eleven.

Føresette sine forventingar til skulen:

- Dei vaksne må sjå det einskilte barnet sitt behov.
- Nulltoleranse mot mobbing - skulen skal ta tak i og handtere valdshendingar.
- Elevane skal lære samspel og inkludering.
- Barnet skal ha ein trygg skulekvardag i timar og friminutt.
- Skulen skal ha kultur for at det er kjekt å lære.
- Skulen skal stille krav til barna.
- Skulen skal stimulere til at barna får utfolde seg fysisk.
- Barna skal lære å bli sjølvstendige.
- Lære elevane godt nettvett og trygge dei på bruk av teknologi.
- Skulen skal fylle ut IUP før utviklingssamtale, der skal foreldra få innsyn i eleven si faglege og sosiale utvikling.
- Skulen må raskt seie frå og etablere eit samarbeid med heimen dersom barnet strevar sosialt eller fagleg.
- Skulen må ha kompetente lærarkrefter i samsvar med notidas krav.
- Skulen skal gi god informasjon om trivsel og læring, og invitere til dialog.
- Skulen skal gi foreldre medverknad og lytte til foreldra sine synspunkt om barna sin skulekvardag. Barna skal ha ein trygg skuleveg.

Bursdagsfeiring:

Foreldre kan leige gymsal, amfi og kjøkken gratis til bursdagsfeiring. FAU anbefaler at pengegåve i bursdagar skal vere maks 50 kr. Skulen oppfordrar til at ein inviterer heile klassen eller alle av same kjønn til bursdagsfeiringar.

Skulen sine forventningar til føresette:

- Omtale andre elevar, skulen og dei tilsette positivt.
- Ta ansvar for at eleven møter utkvilt og kjem til rett tid.
- Ta ansvar for at eleven har ete frukost før skulestart og har med niste.
- Legge til rette for at eleven møter på skulen i kle og sko tilpassa årstid, vèr og aktivitetar. Eleven må ha gymsko/ innesko på skule og SFO.
- Legge til rette for at eleven har med bøker og skrivesaker.
- Lese vekeplanen og evt. anna informasjon frå skulen kvar veke. Følgje opp lekse/arbeidsplan.
- Delta på foreldremøte og utviklingssamtalar.
- Sette seg inn i skulen sitt reglement og ta ansvar for at eleven respekterer skulen sine reglar. Ved brot på reglementet forventar vi eit godt samarbeid mellom heim og skule.
- Ta kontakt med skulen dersom hendingar på fritida kan påverke skulekvardagen til eleven.
- Samarbeide om eit inkluderande og godt klassemiljø, ved å vere med å sikre at alle elevane får delta i sosiale tilstellingar t.d. bursdagsfeiring.
- Følgje med på Visma og kanalar skulen kommuniserer i.
- Registrere fråvær og søke om skulefri i Visma. Fråvær skal meldast i Visma seinast kl.08.30. (Sjå neste side, når det gjeld fråvær).

Rutine for melding av fråvær og permisjonar

Føresette skal :

1.

- Melde fråvær i Visma seinast kl.08.30.
- Oppgje årsaka til fråværet kvar dag eller for perioden i fråværet.
- Dersom det ikkje er kome melding om fråvære i Visma: Lærar melder då frå til føresette eller administrasjonen innan kl.09.30.

2.

- Du søkjer permisjon via elektronisk søknadsskjema på Sunnfjord kommune si heimeside. Der finn de og rettleiing og informasjon om permisjonssøknad.

Eit inkluderande fellesskap betyr
at alle elevane skal føle seg velkomen i leik og læring.



Definisjonen er utarbeidd på Førde barneskule i skuleåret 2021/2022.

Elevane sitt arbeidsmiljø



Skulemiljøet til elevane §12 i opplæringslova:

«Alle elvar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.»

For å sikre dette har skulen ei aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta betyr at alle som arbeider på skulen har plikt til å:

- følgje med korleis elevane har det
- gripe inn mot krenkingar
- melde fra til rektor om ein får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

Skulen skal deretter snarast:

- undersøke saka
- sette inn eigna tiltak
- lage ein skriftleg plan

Aktivitetsplikta betyr og at skulen skal sørgje for retten til elevmedverknad i saker som gjeld dei, og ta omsyn til barnets beste.

Kva kan du som elev gjere:

Gje beskjed til ein vaksen dersom du sjølv eller nokon andre blir mobba. Du skal sjølv ikkje mobbe eller plage andre.

Føremålet er å sikre elevane eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Mobbing er gjentekne negative handlingar mot ein elev, som har vanskar med å forsvare seg, kjenner seg mindre verdt og utanfor fellesskapet. Når slike handlingar er enkeltepisodar, kallar vi det for **krenking**.

For å få slutt på mobbing og krenking, skal slike enkeltepisodar

Krenkingar har ulike former, til dømes:

Fysiske – å bli dytta, slått, sparka, kasta stein på.

Verbale – truslar, kommentarar, kallenamn, erting.

Indirekte – Baksnakking, negativt kroppsspråk/blikk, avvising, utestenging, spreiking av løgn, uthenging.

Digitale – truslar, spreiking av bilete, kommentarar på sosiale media.

Vedlegg—Informasjonsskriv frå FAU: Retningslinjer for bruk av sosiale media

Vi har fått innspel frå foreldre, og har hatt temaet som sak i FAU. No sender vi ut dette skrivet for å gi nokre tilrådingar om sosiale retningslinjer når det gjeld mobiltelefon, sosiale medier og spel.

Vi ser ei utvikling der presset aukar for å gi etter for tilrådde aldersgrenser. Yngre og fleire elever får mobiltelefon, brukar sosiale medier og spelar spel med høgre aldersgrense enn tilrådd.

Elevar på Førde Barneskule er barn i alderen 5-13 år. Difor er det for mange f ramleis nokre år til at det i utgangspunktet skal vere fritt fram med Snapchat, Fortnite og andre spel der det er sett 12+.

«Aldersmerkinga 3+, 7+, 12+, 16+ og 18+ fortel om eit spel inneheld element som kan vurderast som skadeleg for barn og unge. Aldersmerkinga handlar IKKJE om vanskegrada til spelet.»

7 *«Spelet kan verke skremmande på mindre barn.»*

12 *«Spelet kan innehalde ufint språk og valdsskildringar.»*

16 *«Spelet kan innehalde valdsskildringar der ein t.d.. kan sjå blod, fremjer kriminalitet, oppfordrar til bruk av tobakk og alkohol, og erotikk eller samleie.»*

18 *«Spelet kan vise realistisk vald mot forsvarslause menneske og dyr. Vis særleg merksemd til spel som er merka 18+, då desse kan verke skremmande på mange. Spelet kan òg innehalde pornografi, valdtekt eller seksuelle truslar, detaljerte forklaringar på korleis straffbare handlingar kan utførast, fremjing av ulovlig narkotikabruk, og rasisme, etnisk eller religiøs diskriminering.»*

Frå [https://www.ung.no/spill/2197 Hva bestemmer aldersgrenser p%C3%A5 spill.html](https://www.ung.no/spill/2197_Hva_bestemmer_aldersgrenser_p%C3%A5_spill.html)

Dersom ein opprettar ein brukarprofil på sosiale medier med aldersgrense 13 år vil profilen bli oppfatta som om at personen er 13 år. Barnet kan då kanskje oppleve ting som ikkje er heilt bra for den alderen ein faktisk har.

YouTube har aldersgrense på 13-17 alt etter om det er Apple, Android eller YouTube sjølv som tilrår. Det er mykje bra, interessant og lærerikt der, men òg mange videoar med upassande innhald. Det finns ein funksjon i YouTube som gir avgrensa innhald modus, men den er ikkje nøyaktig. Sjå artikkel på «Barnevakten» om «korleis gjere YouTube meir barnevennleg». <https://www.barnevakten.no/hvordan-gjoere-youtube-mer-barnevennlig/>

Det er foreldra sitt ansvar om vi tillèt eller gir etter for aldersgrenser. Dersom ein skal endre noko som allereie er «akseptert» kan det verte upopulært. Nokre gonger er det nødvendig og gjere det.

Tilrådde sosiale retningslinjer Førde Barneskule:

Mobiltelefon skal ikkje brukast aktivt til/frå skule.

Sosiale medier: Aldersgrense skal overhaldast.

Spel: Aldersgrense skal overhaldast.

Telefonliste

Administrasjon:

Kontor: 57 72 10 80

Rektor Therese Helland:

Tlf. 57 72 10 82/915 91 751

E-post: therese.helland@sunnfjord.kommune.no

Assisterande rektor May Helen Midtbø-Norbom:

Tlf. 959 09 747

E-post: May.Helen.Midtbo-Norbom@sunnfjord.kommune.no

SFO-leiar Monica Flaten:

Tlf. 57 72 10 86 / 957 06 657

E-post: monica.flaten@sunnfjord.kommune.no

SFO Bikuba (1. og 2. klasse):

Tlf. 954 64 661

SFO Edderkoppen (3. og 4. klasse):

Tlf. 910 09 019

FAU-leiar Silje Katrine Vangsnes

Tlf. 900 15 049

E-post: FAUforde@gmail.com

Helsesjukepleiar Julie Helle Felde :

Tlf. 91 11 43 87

57 72 21 30 (Sunnfjord helsestasjon, avd. Førde)

Sjå også heimesida til skulen.